



Saksframlegg

Offisiell opning av kulturhuset

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har formannskapet

Bakgrunn for saka:

Samfunnshuset blei tidlegare nytta som eit fleirbrukshus, med både kultur, og idrettsaktivitetar. Etter at idrettshallen sto ferdig i 2020, har samfunnshuset blitt renovert, og ferdigstillast no i vår. Det er blitt lagt ned mykje pengar og huset står no fram som eit kulturhus med flotte fasilitetar. Seiste byggetrinn, renovering av foajeen, reinhaldssentral og nytt toalett, skal stå ferdig til bruk sommar 2025.

Dette er ei storsatsing frå Fyresdal kommune sin side, og gjer kultur- og fritidstilbodet for Fyresdal sine innbyggjarar eit løft, og mogleggjer fleire og betre kulturopplevingar for alle.

Dette bør markerast med ei offisiell opning.

Den økonomiske løyvinga til renoveringa har sjølv sagt vore politisk, og det er derfor viktig å drøfte kva politikarane kunne tenke seg av markering.

Det er ikkje sett av midlar til eit slikt arrangement, og ein søker derfor å nytte formannskapet sin disponible pott til dette.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035;

Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod

Ved nybygg og rehabilitering av offentlege bygg er det vanleg med ein offisiell opning, og ein tenker det er naturleg også her. Kva type arrangement ein vil ha, må vere politisk styrt, men kulturavdelinga har drøfta saka, og har framlegg til mogleg skisse på korleis dette kan løysast.

Tidspunkt:

Ein kan sjå for seg ei offisiell opning i oktober/november. Det bør ikkje vere særleg tidlegare, då deltakarar må få tid til å øve repertoar.

Organisering:

Det bør settast ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med arrangementet, og det er viktig at det er politikarar i denne arbeidsgruppa, i tillegg til nokon frå kulturavdelinga, eventuelt andre.

Ordførar, varaordførar og leiar av OKO utvalet kan vere naturlege deltakarar i arbeidsgruppa, saman med til dømes kommunalsjef kultur- og oppvekst og avdelingsleiar kultur. Fyrste møte i arbeidsgruppa bør vere i mai/juni, slik at ein har tid til å booke eventuelle aktørar.

Type arrangement:

Det skal jo takkast av ein del personar, så det må vere ein formell del. I tillegg bør det vere kulturelle innslag, så vi kan få vist fram kva huset har å by på.

I kulturavdelinga har vi drøfta å bruke lokale aktørar, t.d. kulturskule, korps og kor, med nokon få innslag. Ein har og vurdert om ein i tillegg skal leige inn tidlegare kulturskuleelevar som artistar, og/eller eventuelt nokon andre eksterne til å leie arrangementet.

Økonomi:

Kva det kostar er avhengig av kva nivå, kva type arrangement ein legg seg på, og kva ein tenker å leige inn av artistar. Eksempel på kostnader kan vere:

Leige av artistar	10-70 000
Leige styring ljøs	5 000
Leige styring lyd	0
Blomar	5000
Servering	?

Konklusjon:

Ferdigstilling av kulturhuset bør markerast med ei offisiell opning hausten 2025.

Formannskapet setter ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med dette, med oppstart av arbeidet så snart som mogleg, våren 2025,

Kva ein skal løyve av pengar er avhengig av kva type arrangement ein vel, og kva artistar ein vel å leige inn.

På bakgrunn av dette vel ein å legge fram ei open innstilling når det gjeld økonomisk løyving.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I samband med offisiell opning av kulturhuset, setter formannskapet ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med dette. Formannskapet vel sjølv medlemmer til arbeidsgruppa.

Arbeidet startar opp så snart som mogleg våren 2025.

Den økonomiske løyvinga blir inntil kr

Med løyving frå formannskapet sin disponible pott 1 112 470

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur